

STIFTINGA G-KULTUR

Årsmelding 2015

1. Styremøte

Det vart i 2015 halde fem styremøte.

7. februar, Oslo

På styremøtet vart Knut Hovslien vald til ny styreleiar, medan Nils Kårfald overtok plassen som styremedlem. Styret fekk såleis følgjande samansetting:

Styreleiar	Knut Hovslien
Nestleiar/sekretær	Kjell Austin
Kasserar	Lars Ole Ørjasæter
Styremedlemmer	Karen Bleken Gard Espeland Nils Kårfald
Varamedlemmer	Jorunn Bleken Bengt Arild Morken

På styremøtet vart det vedteke retningslinjer for søknad om stønad frå stiftinga. I retningslinjene blir det slege fast at føremålet er å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen.

Det vart vedteke å iverksette arbeid med utforming og publisering av eiga nettside.

Etter initiativ frå G-Kultur mottok ein søknad frå Opplandsarkivet avd Maihaugen den 11. desember 2014 om stønad med 100.000 kr til arbeidet med å ordne og digitalisere arkivet etter Gudbrandsdalslaget i Oslo. Stønad vart innvilga. Vidare var det motteke stønad frå Norges korforbund Gudbrandsdal 15. oktober 2014 om stønad 5.000 kr til Prosjekt Requiem i Gudbrandsdalen. Søknaden vart avslage under tilvising til at det var først på dette styremøtet at retningslinjer for stønad vart vedteke, og at første søknadsfrist truleg ville bli 1. september 2015.

19. april, Oslo

På dette møtet vart Marit Hosar, dagleg leiar ved Opplandsarkivet avd Maihaugen (tilsett som ny fylkesarkivar i Oppland frå 1. november 2015), innvald som ny varamedlem.

Styret vedtok budsjett for 2015, bl.a. med avsetting til historieskrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo, nettside og grafisk profil og til administrative kostnader og drift av stiftinga. Styreleiar/ arbeidsutvalget fekk fullmakt til å disponere midlane innafor dei oppsette rammene. Evt. endringar og nødvendige justeringar skal takast opp med styret så snart det er aktuelt. På møtet vart det godkjent kontrakt med Magnhild Bruheim som redaktør for historieskrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo, med honorar 118.750 kr. Ferdig materiale skal overleverast G-Kultur seinast den 31. mars 2016.

Vidare vart godkjent kontrakt med Tarjei Kårfald/Kårfald Service om utarbeiding av nettside for G-Kultur, med kontraktsum 8.000 kr.

Styret ga elles styreleiar/arbeidsutvalg fullmakt til å representere G-Kultur og ta nødvendige avgjerder mellom styremøta, og slik at styret blir halde løpande informert om viktige avgjerder og tiltak.

13. juni, Maihaugen på Lillehammer

Det vart orientert om stiftinga si nettside, som vart publisert kvelden før styremøtet, den 12. juni. Styret ga uttrykk for stor takk til Tarjei Kårfald for arbeidet med nettsida.

Vidare vart det orientert om søknadsopplegg og praktisk handtering av søknader i samband med første søknadsfristen, 1. september.

Styret slutta seg til forslag om at G-Kultur gjer 100-årsmarkeringa for Tor Jonsson sin fødsel til hovedsatsing i 2016, og styret tek også sikte på å ha ei større årleg satsing i åra framover.

Marknadsføring av stiftinga vart diskutert, bl.a. vart det sendt ut ei pressemelding etter styremøtet. Det vart også vedteke å rykke inn annonse i GD og lokalavisene i august.

I andre del av møtet orienterte prosjektmedarbeidar Nadejda Koriakina om Opplandsarkivets arbeid med arkivet etter Gudbrandsdalslaget, og som nå var tilgjengeleg via Arkivportalen, den felles portalen for arkiva i Norge. Til møtet var også inviterte Magnhild Bruheim og Geir Beitrusten, redaktør for Årbok for Gudbrandsdalen, for å diskutere historieskriftet om Gudbrandsdalslaget. Beitrusten meinte at det ligg mykje stoff i lagshistoria som vil vere av stor interesse og verdi for årboka, og det kan såleis bli aktuelt å fordele artiklar frå Magnhild Bruheim over eit par år, og første gong i 2016.

15. september, Oslo

Dette var første tildelingsmøte for G-Kultur. Til søknadsfristen 1. september hadde det kome inn i alt 21 søknader, alle innsendt via G-Kultur si nettside.

Styret vedtok å avsette 25.000 kr som kompensasjon til AU for arbeidet med administrasjon og drift av stiftinga.

Styret hadde ein grundig diskusjon om prinsipielle spørsmål ved behandling av søknader. Bl.a. fekk AU fullmakt til å gje administrativt avslag der ein søknad heilt klart ikkje er i samsvar med vedtekter og retningslinjer, søknadsbeløp er urimeleg stort eller prosjektet allereie er gjennomført før søknaden er behandla av styret. Vidare vart det vedteke at det vanlegvis kan gjevast stønad med maksimalt 25.000 til eitt og same prosjekt, og at styret på eige initiativ kan gje stønad til prosjekt med større beløp, for eksempel i form av 'årets satsing'.

29. november, Oslo

Hovedsaka på dette møtet var diskusjon om evaluering av verksemda så langt og foreløpig strategi for verksemda 2016-2020. Det vart i første omgang vedteke at G-Kultur si verksemd held fram til 2020, og at stiftinga da blir avvikla. Det vil da vere 100 år sidan Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta.

2. Viktige saker i verksemda i 2015

2.1. Søknadsbehandling

Til første søknadsfristen, 1. september, kom det inn 21 søknader. Det vart gjeve stønad til fem prosjekt med samla stønadssum 145.000 kr:

Vågå spel- og dansarlag	5.000 kr til kursverksemd for spelmannslaget for juniorar.
Furusjøen rundt AS	10.000 kr til bokprosjekt i samband med 50-årsjubileum i 2016.
Tor Jonsson-laget	100.000 kr til Tor Jonsson-året 2016.
Fåberg Musikkforening	5.000 kr til konsert for 100-årsmarkering av Frank Sinatra.
Foreningen Nye Hjerleids venner	25.000 kr til fagbibliotek og arkiv for tradisjonshandverk.

I tillegg vart det gjeve stønad til Opplandsarkivet med 100.000 kr på styremøtet 7. februar, slik at samla innvilga stønad i 2015 var 245.000 kr.

2.2. Arkiv og eigedelar etter Gudbrandsdalslaget i Oslo

Opplandsarkivet avd Maihaugen digitaliserte i 2015 mykje av det skriftlege arkivet og bildematerialet etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, og som dermed er søkbart på Arkivportalen, den felles portalen for alle arkiva i Norge. Dessutan har Opplandsarkivet teke vare på fana og diverse andre fysiske eigedelar etter Gudbrandsdalslaget. Det har i løpet av 2015 kome til ei mengde nytt materiale i tillegg til det som vart levert Opplandsarkivet i 2014, det gjeld bl.a. styreprotokollar og møtereferat, fleire årgangar av lagsavisa Guriluren og div. brev og dokument i samband med spørsmålet om salget av Skjennungstua på slutten av 1980- og byrjinga av 1990-talet. Arkivmaterialet er etter dette så godt som komplett.

2.3. Nettside for G-Kultur – www.g-kultur.no

Tarjei Kårfald, Kårfald Service, vart våren 2015 engasjert til å utarbeide forslag til nettside for stiftinga, medan Tora Maria Norberg i firmaet Svovel vart engasjert til å lage toppbanner på nettsida og logo for G-Kultur. Nettsida vart publisert 12. juni 2015. Nettsida inneheld bl.a. søknadsformular, som kan sendast digitalt til G-Kultur. Vidare inneheld nettsida informasjon om G-Kultur med vedtekter og retningslinjer, oversikt over styret og bildegalleri. Vidare er ei eiga underside kalla Profilerings av G-Kultur, med kort presentasjon av stiftinga og logo i fire ulike fargeval til bruk for dei som mottek stønad.

2.4. Historieskrift om Gudbrandsdalslaget i Oslo

Forfatter og journalist Magnhild Bruheim vart engasjert til å skrive den samla historia om Gudbrandsdalslaget (1920-2013). Arbeidet skal vere ferdig seinast 31. mars 2016, og omfattar følgjande:

- Gå gjennom arkivmateriale etter laget, som er lagra og digitalisert av Opplandsarkivet.
- Gå gjennom aktuelt materiale som er i privat eige og samle inn anna relevant materiale, f.eks. ved spørsmål til tidlegare medlemmer i laget.
- Redigering av lagshistoria 1920-1969, som vart trykt i Årbok for Gudbrandsdalen 1969, skrive lagshistoria frå 1969 og fram til oktober 2013, da laget vart nedlagt, og samanstille dette i eit heilskapleg skrift.

- Skrive ein artikkel som tilbod til Årbok for Gudbrandsdalen i 2016 og i 2017 med utgangspunkt i ovannemnde materiale og etter avtale med redaktøren for årboka.
- Utval og redigering av bildemateriale i samarbeid med evt. bilderedaktør.

Styret tok ikkje endeleg standpunkt til korleis historieskriftet skal publiserast. I tillegg til nettutgave kan det vere aktuelt å produsere ei trykt utgave innafor ei nokolunde rimeleg økonomisk ramme.

2.5. Informasjonsarbeid

Det vart sendt ut pressemelding i samband med styremøta til avisene og dei kommunale kulturkontora og bibliotek i Lillehammer og Gudbrandsdalen. I august vart det rykka inn annonse i avisene via samkøyringa i Gudbrandsdalen i samband med søknadsfristen 1. september til G-Kultur.

Styret har registrert at pressemeldingar jevnleg har kome inn i nokre av avisene, men det er ikkje gjort nærare forsøk på kartlegging av det totale omfanget. Den store søknadsmengda til fristen 1. september kan tyde på at både annonse og pressemelding har vore medverkande årsaker.

2.6. Soluret frå Skjennungstua

Det vart i 2015 i første omgang teke kontakt med nåverande eigarar av Skjennungstua med spørsmål om interesse for at soluret kunne bli sett opp att på sin opprinnelege plass frå 1960. Bymiljøetaten i Oslo kommune vart kontakta om det same, og dei ga (som grunneigar) løyve til plassering av soluret under føresetnad av at eigarane av Skjennungstua var positive til forslaget. Det kom imidlertid inga tilbakemelding frå eigarane om dette. Det vart deretter teke kontakt både med Opplandsarkivet/Maihaugen og Oslo Bymuseum og Vigelandsmuseet, men med tilbakemelding om at det ikkje var mogleg å ta imot soluret.

2.7. Økonomi

Den økonomiske statusen for G-Kultur syner at det vart brukt og avsett ca 285.300 kr i 2015, av dette utbetalt stønad til Opplandsarkivet med 100.000 kr og ikkje utbetalt stønad med 145.000 kr. På styremøtet 29. november vart det for 2016 vedteke eit budsjett på 474.000 kr, der hovedpostane er 150.000 kr til stønadsutdeling og 175.000 kr til historieskriftet om Gudbrandsdalslaget i Oslo (budsjettpost overført frå 2015).

Styret i G-Kultur

21. februar 2016

Knut Hovslien
styreleiar

Kjell Austin
nestleiar/sekretær

Lars Ole Ørjasæter
kasserar

Karen Bleken
styremedlem

Gard Espeland
styremedlem

Nils Kårfald
styremedlem